



Retningslinjer i høve pynting til bryllaup i Ørsta kyrkje.

Det er ingen krav frå kyrkjeleg hald om at kyrkja må pyntast ved bryllaup. Det syter brudeparet for sjølve, anten åleine, i samarbeid med andre par som skal viast same dagen eller i samarbeid med ei blomsterforretning. Dersom de ønskjer pynting, ber vi dykk ta omsyn til desse retningslinjene:

- berre friske blomar som hovudpynt framme i kyrkja og på alteret (ikkje silke)
- berre avskorne blomar på alteret (ikkje jord)
- frå øvste trappetrinnet og fram til alteret må det vere fri plass til stolar og til å bevege seg (ingen pynting)
- på løparane kan det ikkje leggst blomar/grønt som vert trakka på slik at safta legg seg i teppet. Det er umogeleg å vaske vekk. Ved sida av teppet kan ein t.d. sette potteplantar eller blomar i vasar.
- ein kan pynte litt med blomar og grønt på stolpar og kyrkjebenkar i små rør som kan hengast på benkane, laga til dette føremålet. Ein kan ikkje lime fast blomar o.l. med limband eller likn. då det tek malinga når ein skal fjerne pynten.
- utanfor kyrkja oppmodar vi til hylling av brudeparet på anna måte enn å kaste ris (matvarer), konfetti o. l.
- kyrkja låner ut lysestakar, bl.a. 5-arma, men kvite lys må de kjøpe sjølve
- ring og avtal med kyrkjetenar tid til pynting:
Ole Christian Johnsen på mob. 95280596/ 70066354

Vi vonar de ikkje ser på dette som strenge restriksjonar, men heller ein måte å legge til rette slik at arrangementet vert både fint og flott samtidig som det ikkje gjer skade på inventaret.

Spørsmål i samband med dette kan rettast til kyrkjetenar.

Med helsing
Arnstein Myklebust
kyrkjevevjerje
sign.